



Rune Samuelsen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2357 - 15/16839

Saksbehandlar:
Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

10.09.2015

Tilbakemelding ang. vegtilkomst mm.

Me viser til din e-post av 27.08.2015.

Området som du spør om er omfatta av ny kommuneplan som noverande bustadområde, og er her del av sone for felles planlegging, H810_6. Innafor denne sonene skal det jf. føresegner pkt. 1.2.2, ikkje gjerast tiltak før det ligg føre områderegulering.

Eit av dei viktige tema ein områdeplan skal omfatte er overordna infrastruktur, som omfattar m.a. tilkomst til større byggjeområder. Det er viktig at det ved utvikling av byggjeområder vert lagt til rette for langsiktige løysingar, og at konsekvensar for miljø og samfunn vert vurdert.

Bustadområdet er i dag prega av spreidd busetnad, delvis bustader og delvis fritidsbustader, der det er høve til å byggje ut mykje meir, og fortette ein god del. For å få til gode langsiktige løysingar så lyt dette skje gjennom planlegging, og difor krav om områdeplan og ev. detaljregulering. Dette m.a. for å finne beste mogelege vegutløysing til eksisterande fritidsbustadar/bustadar og områda i kring.

Det er ikkje starta arbeid med områdeplan for Flatøy aust enda, og dette vil truleg også verte litt fram i tid. Det kan difor i utgangspunktet ikkje gjevast løyve til å opparbeide kjørbar veg no, slik de ynskjer. De har likevel høve til å søkje om dispensasjon eller midlertidig dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen, jf. Plan og bygningslova (pbl) kapittel 19. Det er då viktig at de grunngjev søknaden godt, og at de nabovarslar søknaden slik at alle naboar som har interesse i saka vert varsla.

Me kan ikkje seie noko om utfallet ved slik søknad, og me minner om at det er gebyr på slike saker, jf. gebyrregulativet vårt pkt. 9.1.4, sjå vedlegg.

Når det gjeld spørsmålet om vatn og avlaup, så lyt me undersøkje litt og kome attende til dette. Kommunen legg seg elles ikkje opp i finansieringa av ev. privat veg, men tiltaket vil vere søknadspliktig etter pbl.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ta kontakt ved videre spørsmål.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gebyr 2015 plan byggesak oppmåling mm

Kopi til:

Reidun Iden Lædre

Mottakere:
Rune Samuelsen